



Personvernerklæring

Oppdatert 01.08.2022

1. Innleiing

Alver kulturråd tar ditt personvern på alvor, og er forplikta til å handsame personopplysningar på ein forsvarleg måte. Denne personvernerklæringa syner kvifor Alver kulturråd samler inn informasjon om deg, korleis vi bruker denne informasjonen og korleis vi tar omsyn til ditt personvern.

Personopplysningar er opplysningar knytt til deg som einskildperson.

Styreleiar er hovedansvarleg for vår handsaming av personopplysningar.

2. Føremål

Føremålet med å hente inn og handsame personopplysningar, er å ta vare på *medlemsavtalen*¹, herunder gje god oppfølging og service til medlemar og andre personar knytt til Alver kulturråd.

Medlemskap i Alver kulturråd inneber at vi må handsame personopplysningar i ulike sammenhengar. Som ved administrasjon av aktivitet, medlemskap, tillitsvern og som grunnlag for rapportering til offentlege myndigheiter.

3. Rettsleg grunnlag

Alver kulturråd kan hente inn og handsame personopplysningar med heimel i *medlemsavtalen*. Når ein person frivillig melder seg inn i Alver kulturråd, har vi lovleg grunnlag for registrering og handsaming av naudsynte personopplysningar.

Dersom personopplysningar skal handsames på ein måte som ikkje rimeleg følgjer av *medlemsavtalen*, vil dette utelukkande skje med bakgrunn i innhenta samtykke frå deg.

4. Innhenting og handsaming av personopplysningar

Personopplysningar hentast inn i samband med at eit lag melder seg inn i Alver kulturråd. Dette skjer via innmeldingsskjema på vår heimeside. Det er frivillig å melde seg inn.

Vi kan også hente inn personopplysningar i samband med at personar melder seg på som deltakar i eit av våre arrangement. Dette skjer via løysinga for påmelding til arrangement. Det er frivillig å melde seg på til våre arrangement.

Vi henter inn kontaktopplysningar som namn, adresse, telefonnummer, fødselsdato, kjønn og e-post adresse.

¹ Når en person melder seg inn i en medlemsorganisasjon oppstår implisitt en medlemsavtale.

Personopplysningane er kun tilgjengeleg for tillitsvalde og andre nøkkelpersonar i Alver kulturråd som har rettmessig behov for tilgang til desse. Konfidensialitet er ivaretatt ved at alle med slik tilgang har samtykka til teieplikt.

Du kan til ei kvar tid sjå og vedlikehalde dine registrerte personopplysningar via tenesta Gnist². I Gnist kan du og administrere (akseptere eller trekke tilbake) dine samtykker.

5. Datahandsamer

Alver kulturråd nyttar StyreWeb som heilhetleg løysing for organisasjonsdrifta. Herunder medlemsregister, innmelding, arrangement og Gnist. Det er inngått eigen datahandsameravtale mellom Alver kulturråd og StyreWeb for å ivareta informasjonssikkerheit og dine rettar.

StyreWeb nyttar ikkje underleverandørar, og personopplysningar lagrast kun innanfor EU/EØS.

6. Sletting av personopplysningar

For å ivareta vår historikk blir dine personopplysningar lagra også etter avslutta medlemskap.

Retten til å bli gløymt i samsvar med GDPR-artikkel 17 gir deg moglegheit til å krevje at alle registrerte personopplysningar om deg skal slettast på oppfordring, så lenge vi ikkje er lovpålagt å lagre desse. Ta i tilfelle kontakt i henhold til kontaktopplysning i avsnitt 8.

7. Rett til å klage

Du har rett til å klage til ein tilsynsmyndighet, her Datatilsynet, i henhold til GDPR-artikkel 13(2) bokstav d.

8. Kontaktopplysningar

Har du spørsmål til vår personvernerklæring eller om vår bruk av personopplysningar er du velkomen til å ta kontakt.

Ansvarleg for datahandsaming i Alver kulturråd er Styreleiar. Kontaktopplysningar til styreleiar finn du på vår heimeside.

² Gnist gir medlemmet tilgang til «Min side» via nettleser og App på mobiltelefon.